

Vedtekter for Kviteseid Pinsemenighet

1. Menighetens namn og adresse

Namn: Kviteseid Pinsemenighet
Besøksadresse: Fredheim, Kviteseidgata 11. 3850 Kviteseid
Postadresse: Boks 54, 3836 Kviteseid

2. Trus- og læregrunnlag

Menigheten er ein evangelisk kristen menighet, og byggjer si verksemd, tru og lære på Bibelen som Guds åpenberra ord.

- Vårt trusgrunnlag er beskrive i eige dokument som samsvarer med det som gjeld i Pinsebevegelsen i Noreg sentralt.
- Den apostoliske truedkjenninga er ein del av vårt trusgrunnlag.

3. Formål og hensikt

- Menighetens hovudoppgåve er å forkynne evangeliet og drive kristen verksemd i vårt distrikt og elles i vårt eige land, samt drive misjonsverksemd i andre land.

4. Struktur og leiing

- Kviteseid Pinsemenighet er ein lokal, sjølvstendig menighet knytt til Pinsebevegelsen i Noreg.
- Menighetsmøte (medlemsmøte) er menighetens høgste besluttande organ.
- Eit valt leiarråd (styre) utgjer saman med hovedpastor (daglig leiar) og evt andre pastorar, leiarskapet i menigheten. Medlemmer i leiarrådet blir valt for 4 år.
For å kunne inneha leiarverv må ein identifisere seg med, og arbeide for å fremje menighetens læregrunnlag både verbalt og som eksempel.
- Styrets leiar blir valt på årsmøte for eitt år
- I leiarrådet sit og dei som er valt som "eldste" i menigheten. Dei som er valt som "eldste" har saman med pastorar det andelege og læremessige ansvaret i menigheten

5. Medlemskap i menigheten

- Medlem kan den bli som er personleg bekjennande kristen, og som lojalt kan stille seg bak vårt trus- og læregrunnlag
- Personer som har fylt 15 år, kan sjølv melde seg inn i eller ut av menigheten. Dei som har foreldreansvaret for barn under 15 år, kan melde barnet inn i eller ut av menigheten, i samsvar med § 2 i trussamfunnsloven.
- Innmelding og utmelding skjer skriftleg, og medlemsprotokoll blir ført etter gjeldande reglar.
- Medlemmer over 15 år har stemmerett i menighetsmøte. Barn under 15 år har likevel rett til medverknad og vil bli lytta til i aktuelle saker.

6. Økonomi

- Menighetens arbeid drivast på frivillige gåver, og har ikkje erverv som formål.
- Menigheten er sjølvveigande, og ingen privatpersonar disponerer formue eller hefter for gjeld.
- Det blir søkt om offentleg tilskot i samsvar med gjeldande lovar og reglar.
- Rekneskap blir førd i samsvar med gjeldande lovar og reglar.

7. Vedtektsendringar

- Vedtektsendringar skjer ved 2/3 fleirtal i menighetsmøte.

8. Oppløysing av menigheten

- Skal menigheten opphøyre som trudemssamfunn, blir dette avgjort med 2/3 fleirtal i 2 påfylgjande menighetsmøte.
- Ved oppløysing skal menigheten sine samla verdiar i samråd med Regionrådet og Lederrådet i Pinsebevegelsen primært søkast overført til ein nærliggjande livskraftig menighet i regionen. Dersom dette ikkje er hensiktsmessig, skal menigheten sine samla verdiar overførast til Pinsebevegelsen i Norge ved Lederrådet (org. nr; 983 409 555). I baa tilfelle skal menigheten sine samla verdiar i samarbeid med Regionrådet fortrinnsvis nyttas til nyplanting og evangelisk arbeid.